

Folkens, vi lever i moderne samfunn!

Det er mange måtar å vere norsk på. Vi treng ikkje like brunost eller gå rundt juletreet. Men dagens norske samfunn er eit moderne samfunn, mellom anna ein moderne rettsstat, der vi skil mellom privatliv og offentlege verv: sit vi i ein opptakskomité for offentlege utdanningsinstitusjonar, skal vi behandle alle likt, også onkelens barn. Noko anna ville vere nepotisme og korrupsjon. Blir dét vanleg, vil det bryte ned den rettsstatlege institusjonen. Kort sagt, det er eit skilje mellom privatliv og offentlege verv, med tanke på roller og normer – til skilnad frå eit klan-samfunn, der onkelens barn får forrang.

Tilsvarende skil vi, i moderne samfunn, mellom privatliv og yrkesliv: vi skil mellom helsepersonell og pasientar, mellom trafikkpoliti og trafikantar, mellom konduktør og passasjer. Vi skil mellom ulike institusjonar, kvar med sine roller og normer, kompetansekrav og identitetar. Ofte markerer vi skilnaden ved særlegge uniformer eller andre synlege markørar. Det synleg-gjer ulike roller, med ulike kompetansekrav og identitetar.

Så kanskje kunne vi også markere skilnaden i rollene som lærar og elev, til dømes med ein L på lærarane og ein E på elevane!

Uansett, i moderne vitskapsbaserte samfunn med eit mangfald av institusjonar, som dagens norske samfunn, går vi alle inn og ut av ulike institusjonar, med ulike roller og normer, og ulike identitetar. I slike moderne samfunn har vi ikkje berre éin identitet, men mange.

Den som ikkje har fått med seg dette, men som insisterer på ein eller annan spesiell kulturell, etnisk eller religiøs identitet, som om den skal overstyre alle moderne institusjonar, den personen har ikkje fått med seg kva eit moderne samfunn går ut på, og vedkommande er dermed utilpass i eit slikt samfunn.

Det at somme kan ha sterke emosjonar knytt til slike førmoderne oppfatningar av identitet, endrar ikkje på det forhold at dette ikkje passar inn i moderne samfunn.

Sjølv sagt, det kan vere alskens utfordringar når personar med bakgrunn i institusjonsfattige samfunn skal tilpasse seg eit moderne samfunn som det norske, med eit mangfald av institusjonar. Gjensidig forståing og gjensidig læring kan då vere viktig, her som elles i menneskelivet. Men grunnleggande sett er det her ingenting å forhandle om: i moderne samfunn må vi alle lære å forhalde oss til ulike institusjonsspesifikke roller og identitetar.

I praksis kan det saktens vere graduelle overgangar. Men det grunnleggande poenget er at haldningar og handlingar som er funksjonelle i samfunn med svak institusjonell differensiering, ofte blir dysfunksjonelle i moderne samfunn med eit mangfald av ulike institusjonar. Spissformulert: anten roller og livsformer som høver i samfunn med svak institusjonell differensiering eller roller og livsformer som høver i moderne samfunn med eit mangfald av institusjonar! Vi kan ikkje spele ludo og sjakk samtidig.

Til ettertanke, på bakgrunn av debatten om handhelsing: Kan ein muslimsk mann bli gynekolog? Ja, kan ein muslimsk mann gjennomgå eit medisinstudium, og seinare praktisere som allmennlege, utan å ta på kvinnehud – og ikkje berre på hendene? Og gjeld dette også tannlegar – ja, helsepersonell generelt? Kanskje også brannfolk, vektarar og politi i kriseoppdrag – eller berre det å leie ei gamal dame over vegen? Eller er det rett og slett slik at førmoderne skrifter ikkje alltid gir ei gangbar rettleiing for korleis vi skal te oss i moderne vitskapsbaserte samfunn med eit mangfald av institusjonar og gjeremål?

Gunnar Skirbekk

professor i vitkapsfilosofi, Universitetet i Bergen